



## KVA SKJER I BYGLAND? November 2020



## Byglandsnytt nr.15 - november 2020

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)  
**Neste utgåve: 1. desember** - Send tips om arrangement til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 27.11.  
 Bygland kommune si heimeside er: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

### Helsing frå påtroppande kommunedirektøren John Salve Sigridnes

*Det nærmer seg tiltredelse 10. november. Det er en dato jeg har sett frem til lenge. Aasmund Lauvdal og meg har tjuvstartet litt de siste månedene, og har allerede hatt noen overlappingsmøter med orientering om status på forskjellige områder. Det har vært fine møter med fremtidige kolleger som er engasjerte og kan faget sitt. Så må jeg selvfølgelig bruke mer tid til å bli kjent med hele organisasjonen, og kommer til å prioritere det de første månedene.*

*Jeg har deler av yrkesbakgrunnen min fra Forsvaret. Der har jeg lært meg verdien av samhold, det å ta vare på hverandre og gjøre det lille ekstra for å løse oppgavene - sammen. Disse verdiene tar jeg med meg inn i jobben. Det er et godt lag som skaper resultater for en stor organisasjon som Bygland kommune. Ikke bare enkeltindividene. Håper og tror at dere kjenner dere igjen i dette.*

*Hvordan vi utvikler kommunen videre, og hva som fungerer bra er vurderinger som må gjøres hele tiden. Samtidig som vi skal drive kommunale tjenester på en god måte må vi også sikre at vi er offensive og frempå i rollen som samfunnsutviklere. Vi trenger vekst – det er grunnlaget for et fortsatt godt liv i Bygland. Det er ingen andre enn oss som kan ta ledertrøya i det arbeidet, så den jobben må vi ta.*

*Vi ses snart!*

**John S.**



	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 01.11.	Bygland kyrkje	kl. 16.00	Gudsteneste
tysdag 03.11.	Bygland hornmusikk; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Øving
laurdag 07.11.	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 17.00	This is Spinal Tap
sundag 08.11.		kl. 18.00	Monty Python's Life of Brian
tysdag 10.11.	Bygland hornmusikk; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Øving
sundag 15.11.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16.00	Gudsteneste
måndag 16.11.	Bygland bygdekvinnelag; Åraksbø grendehus	kl. 17.00	Lefsekurs; gratis for medlemmer
tysdag 17.11.	Bygland hornmusikk; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Øving
tysdag 24.11.	Bygland frivilligsentral	Kl. 12.00	Webinar «Leve heile livet»
		kl. 18.30	Øving
onsdag 25.11.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Jul på KuToppen
		kl. 19.30	Film: Gledelig jul
sundag 29.11.	Bygland kyrkje	kl. 19.30	Gudsteneste

**Politiske møte, sakspapir og protokollar:** [www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)  
Kommunestyret: 05.11. kl. 13.00. Rådet for eldre og funksjonshemma: 16.11. kl. 12.00. Bygland ungdomsråd: 16.11. kl. 15.30. Plan, miljø- og ressursutvalet: 17.11. kl. 9.00. Formannskapet: 18.11. kl. 13.00

## Nye titler

Etter rådmannen har blitt til kommunedirektøren, skal fylkesmannen no heite statsforvaltaren frå 1. Januar 2021. Bakgrunn: Regjeringa ønskjer at alle titlar i staten skal vera kjønnsnøytrale.

## Opningstider Bygland kommunehus

### Publikumsmottak

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

### Legekontoret tlf. 37 93 47 30

**Bygland legekontor**

Sentrum 18, 4745 Bygland

**Byglandsfjord legekontor**

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
Måndag	09.00 – 15.00	
Tysdag	09.00 – 15.00	
Onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
Torsdag	09.00 – 15.00	
Fredag	Stengt	09.00 – 15.00

**NAV:** tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Rettleiingssentret på Bygland** er ope for besøk utan avtale på torsdagar kl. 12.00-14.00

## Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
Måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
Tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
Torsdag	14.00 – 17.00	

## Forskjellig

### Landeskogen fredssenter i nrk-sørlandet

**reportasje** - sjå på [nrk.no/sorlandet/](http://nrk.no/sorlandet/) , publisert 10. okt. kl. 07:14 – (vi siterer på bokmål)



### «Skoleturer til konsentrasjonsleirer byttes ut med reiser i Norge

Planlagte klasseseturer til Polen, Tyskland og Tsjekia, har ikke vært mulig å gjennomføre under koronapandemien. Nå tilbys turer til historiske steder her hjemme.

Det er en god erstatning, men blir jo ikke helt det samme som turer til konsentrasjonsleirer. De viser ondskap på sitt verste, sier leder i Aktive fredsreiser Helga Arntzen.

Siden 1992 har hun arrangert turer til Polen, Tyskland og Tsjekia for å lære unge om 2. verdenskrig. Målet er at de skal se, forstå og handle ut fra det. I år skulle det vært 185 turer med til sammen 15.000 deltakere. Slik ble det ikke.

«Det ble to turer i februar og så sa det stopp», sier Arntzen.

Årsaken var den pågående pandemien. Da måtte de tenke nytt.

Nå er turene byttet ut med reiser til utvalgte steder i Norge, der de unge skal få lære om de samme temaene som på utenlandsreisene.

[...]

De 15,5 millionene staten hadde satt av til slike skoleturer dette skoleåret, gjaldt i hovedsak turer til utlandet. Nå har reglene blitt endret, slik at turene kan gå til minnesteder i Norge.

Fristen til å søke om støtte er utvidet til 20. november.

### Alle har et ansvar

Arntzen er glad for endringen.

Hun mener kunnskap om det vonde som har skjedd er nødvendig for å hindre at det skjer igjen.

«Om vi vet, må vi erkjenne at vi har et ansvar for å bygge en bedre verden. Det nytter», sier hun.

Så langt har 140.000 norske ungdommer, foreldre og lærere vært på utenlandsreiser gjennom Arntzens *Hvite busser til Auschwitz og Aktive fredsreiser.*»

## Bygland filmklubb: Program november 2020 – Bygland kulturscene

Laurdag 7.11. kl. 17.00



**This is Spinal Tap (1984)**  
Inngang: kr. 50,-  
Aldersgrense: 15 ÅR

Sundag 8.11. kl. 18.00



**Monty Python's Life of Brian (1979)**  
Inngang: kr. 50,-  
Aldersgrense: 11 ÅR

## Tømekalender for Bygland kommune – november 2020

**Papir og plast:** veke 45: tysdag 03.11.

**Matavfall og glass/metall:** veke 45: torsdag 05.11.

**Matavfall og restavfall:** veke 47: torsdag 19.11.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.11.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (28.11.)

**Syrtveit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (14.11.)

### **Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS**

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

### **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 15:**

*Bilete: Framside: Frank Egil Reise, Innhald: Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Line Haugaa, Tor Ånon Kleivane; Anne Fauske, Tone Straume Wikeland, Per Odd Berge, Valborg Attestog, Bygdekinoen, Bygland filmklubb. Red.notat: S. Hegenscheidt; Kva skjer: Anne Turid Bjørnstad Frøysnes. Tusen takk til alle fotografane!*

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg*

*Neste utgåve Byglandsnytt: 01. desember 2020*



## Ledig stilling

### Reinholdsleiar - 2 gongs utlysing

Etter noko omorganisering blir reinhaldstenesta for eininga drift og forvaltning og eininga pleie og omsorg slått saman. I denne samanheng har Bygland kommune ledig ei 100 % stilling som reinhaldsleiar tilhøyrande p t eininga Drift og Forvaltning .



Reinhaldstenesta vil etter omorganiseringa bestå av 9 personar med tilnærma 7 årsverk. I hovudsak vil reinhaldsleiaren ha ansvaret for reinhaldet på Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter, kommunehuset med helsestasjon, Byglandsfjord legekontor, Byglandsheimen samt nokre andre kommunale bygg. Reinhaldsbehovet vil kunne bli endra avhengig av bruken i bygga.

**Søknadsfrist: 09.11.2020**

Kun digitale søknader: sjå <https://www.bygland.kommune.no/> Ledige stillingar

## Nytt om namn i kommunen

- Runar Granheim starta i eit vikariat som økonomikonsulent den 1. oktober
- Beata Nierzwicka har fått utvida si faste stilling som reinhaldar med 30 %
- Heidi Helle har fått tilbod om 70 % stilling som reinhaldar etter at Tarjei Langeid har blitt pensjonist.

## Drift og Forvaltning

### Forhåndskonferanse

Dersom du har planar om bygging, deling av eigendom, tenkjer på å lage reguleringsplan eller har andre prosjekt som vil involvere kommunen, så vil det ofte vere positivt for saka å først ha ein førehandskonferanse med kommunen.

Me kan då finne ut av kva skjema og vilkår m v som gjeld for sakene, og kva som er viktig å få med på søknaden. Er det snakk om prosjekt som krev ansvarleg søkjar, så ønsker me også førehandskonferanse med desse. Det blir skriva referat frå desse møta og det vil vere lettare å forstå kva som må ligge til grunn før kommunen kan starte handsaminga av søknadane. Tak kontakt med sentralbordet og bli sett i kontakt med eininga Drift og forvaltning eller Plan – og utvikling for å avtale tidspunkt.



## Vedtak frå klagenemnda for stadnamnsaker

Klagenemnda for stadnamn har fatta eit samrøystes vedtak i saka om det skal heite Skomedal eller Skåmedal.

Klagenemnda fatta slikt vedtak:

*"Som skrivemåte for gards- og bruksnamnet blir fastsett: Skåmedal. Skrivmåten med "Å" gjeld òg dei andre namna i saka."*



## Temaplan for kulturminne Bygland 2020 – 2032

I kommuneplan for Bygland heiter det:

*Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for, at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling.*

Dette er den første kulturminneplanen i kommunen og eit første forsøk på å skape eit grunnlag for å sikre ei heilskapleg forvaltning innan kulturminnevernet.

Planen må følgjast opp i anna offentleg planleggingsarbeid, og vil vere førande for all byggjesak og planhandsaming i kommunen.

Ivaretaking av kulturminne må også forankrast opp mot kommunen si økonomi – og budsjettplanlegging.

Med dei ressursane som var tilgjengelege måtte det gjerast nokre val for å kome i mål. Vi har fokusert på nokre utvalde tema og nokre stader der det er mogeleg å velje ut kulturmiljø. I tillegg vil det verte trekt fram enkeltstående kulturminne med særskilt status.

Planen konsentrerer seg einseitig om faste kulturminne/kulturmiljø, med immateriell kulturarv i høve til folkemusikk, -song og dans som eit enkeltstående unnatak.

Ei ytterlegare avgrensing vil liggje i at ein i den prosessen som startar no, konsentrerer seg om bygdenære ting, ikkje langt frå elva og rv. 9.

Seinare planarbeid vil kunne utvide dette perspektivet til også å gjelde heiane.

Temaplanen for kulturminne blir lagt ut ved sentralbordet på kommunehuset.



## Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 25.11., Bygland kulturscene

### Film 1: kl. 17.30 – Jul på KuToppen

#### OMTALE

Bykalven Klara skal feira jul på Kutoppen for første gong og har store forventningar til kva som møter henne der oppe. Skuffelsen blir stor då pappaen Mosk ikkje bryr seg om jul, og ikkje har gjort i stand noko som helst. Mosk blir tilkalla på måkeoppdrag. Han blir sitjande snøfast på hytta til den ufordragelige Pauline. Klara og bestevennen hennar, Gaute, og bestemmer for å laga ei fantastisk jul på Kutoppen for å overraske pappaen til han kjem tilbake.

**BILETTPRIS:** 100 kr

#### FILMFAKTA

Regi: Will Ashurst, Språk: Norsk, Lengde: 1t. 8min; Produksjonsår: 2020; Sjanger: Animasjon / Barnefilm; ingen aldersgrense



### Film 2: kl. 19.30 – Gledelig jul

#### OMTALE

Annemor og Frank gleder seg over at barn og barnebarn skal feira jul heime på garden for første gong på ti år, men det går ikkje heilt etter planen. Det må manøvrerast mellom små og store katastrofar for å halda familien samla. I det juleroa senkjer seg kjem ein gammal løyndom til overflata. Blir den siste jula til denne familien saman?

**BILETTPRIS:** 100 kr

#### FILMFAKTA

Regi: Henrik Martin Dahlsbakken; Språk: norsk; Produksjonsår: 2020; Skodespelarar: Anne Marit Jacobsen, Otto Jespersen, Nils Jørgen Kaalstad, Iben Akerlie, m.m.; Sjanger: Komedie; Nasjonalitet: Noreg; Lengde: 1t. 30min. Aldersgrense: 9 år



## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral**, Sentrum 18, 4745 Bygland.

tlf.: 945 10 770, e-post: [post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no)

**Utstyrssentralen** er open: telefon **945 02 858**

### **Frivilligsentralen og covid 19**

Kommunelegen har bedt Frivilligsentralen om å vere restriktive når det gjeld aktivitetar. Men me jobber med å finne andre måtar å møtast på, t.d. å trimme utan å møtast fysisk.

Me kjører framleis ut middag to gonger i veka, og har følgjeteneste. Me har også fått godkjenning på enkeltarrangement med menneske som ikkje er i høgrisikograppa.



### **Webinar «Leve heile livet»**

Hadde det ikkje vore moro å vere med å utvikle arbeidet vårt når det gjeld dei eldre i samfunnet vårt? Kanskje er du sjølv i denne gruppa, men har masse igjen å gje? Me inviterer til Webinar "Leve heile livet" på Frivilligsentralen den 24.11. klokka 12.00 - 13.30.

Webinaret vil innehalde konkrete og inspirerande forslag til tiltak som kan bli setta i gong eller vidareutvikla.



### **Strøsand (singel) til eldre!**

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, vil i haust ha eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen. I garasjen til Heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel.



Det er 12 liters murebytter. Meininga er at dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bytte, sette den ned og ta med ei full. Bytta kostar kr.39.90 på Europris på Evje, men du kan sikker få slike på andre plassar og.

For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. **95234632** eller Frivilligsentralen tlf. **94510770**

Det blir bytter frå ca medio november.

For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned namnet sitt.

12 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## **Smågnagarkurs**

Personar som eig og/eller leiger ein landbrukseigedom kan få autorisasjon for å bruke enkelte gnagarmidlar.

Kurs hausten 2020 (5 t. + 1 t. eksamen):

måndag 2. november kl. 17.00 – 22.00

tysdag 17. november kl. 09.30 – 14.30

onsdag 25. november kl. 17.00 – 22.00

torsdag 10. desember kl. 09.30 – 14.30

For meir informasjon og påmelding: sjå på Bygland kommune sin heimeside



## Økonomi og næring

### **Reduksjon i foreldrebetaling for SFO på 1. og 2. årstrinn**

Kommunen skal gje reduksjon i foreldrebetalinga for SFO på 1. og 2. årstrinn dersom

a) foreldrebetalinga utgjer meir enn 6 prosent av samla bruttoinntekt for hushaldet siste året eller

b) det er ei varig nedgong i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.

Denne ordninga gjeld både heiltids- og deltidsplass.

For meir informasjon sjå kommunen sin heimeside [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)



## Plan og utvikling

### **Offentleg gjennomsyn av kommunal planstrategi 2020 - 2024**

Forslag til kommunal planstrategi for perioden 2020 - 2024 blir lagt ut til offentlig gjennomsyn før endeleg handsaming i kommunestyret i desember. Planstrategien viser kva planar kommunen prioriterer dei neste fire åra



5 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Kommuneplanen sin arealdel: Korleis vil vi utvikle Bygland?

Bygland kommune skal i gang med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Kvar meiner du at vi bør bygge i kommunen?



Kommuneplanen sin arealdel er den overordna arealplanen som styrer kvar det er lov til å bygge i kommunen, og kva ein kan bygge innanfor desse områda. Kvar skal det bli bygd bustader, industri eller hytter, og kvar skal vi ta vare på landbruks-, natur- og friluftsverdiar slik dei er i dag? Dette, og meir til, skal vi ta stilling til når vi reviderer kommuneplanen sin arealdel.

Vi har starta opp arbeidet med involvering av innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringsliv. Det blir lagt opp til brei medverknad gjennom ulike prosessar. Skjema for innspel finn du på heimesida til Bygland kommune eller du kan få det tilsendt ved å kontakte oss på e-post [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller tlf. 379 34 700.

## Moglegheitsstudie Stasjonsområdet Byglandsfjord

Bygland kommune ynskjer å skape eit område for trivsel og samvær for alle på stasjonsområdet på Byglandsfjord, både for unge og gamle, innbyggjarar og turistar. Bygningane og området er freda, men det er likevel mogeleg å skape liv og røre innanfor gitte rammer.

Har DU nokre tankar eller idear om kva vi kan gjere? Kva ynskjer DU det skal vere av tilbod/aktivitetar?

Du kan sende innspel via Bygland kommune sin heimeside: <https://www.bygland.kommune.no/moglegheitsstudie-stasjonsomraadet-byglandsfjord.6339960-522036.html>. Du kan og sende innspelet ditt til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller levere den direkte til sentralbordet. Ikkje nøl med å ta kontakt med prosjektleiar Tone Straume Wikeland, tlf. 98 21 08 98, e-post: [tone@prosjekthuset.com](mailto:tone@prosjekthuset.com). Frist for innspel er: **11. november 2020**



## Oppvekst

Som resten av samfunnet må og oppvekstsentrane i Bygland ta omsyn til Covid-19. Det legg føringar for den daglege drifta og kvardagen for barn og tilsette. Utfordringa ligg spesielt på det sosiale plan med tanke på tydelege skilje mellom ulike aldersgrupper som til vanleg har stor glede av kvarandre og som no ikkje får sjå mykje til kvarandre i skulekvardagen.



På skulen har vi hatt tilfelle med mistanke om smitte av covid-19 blant elevar. Tilsette og elevgrupper vart sett i avventande karantene, og nokre i 10 dagars karantene. Det kan sjå ut til at eit mogleg smitteutbrot er stoppa og det syner at smittevernplanane fungerer. Vi har fått prøvd ut beredskapen og rutinar til både kommunen og oppvekst og det ser ut til å fungere.

Barnehagene har fokus på språkstimulering i kvardagen, gjennom samtale, litteratur og leik. Tilsette hever kompetansen gjennom samarbeid med Skrivesenteret/NTNU, og prøver ut nye tankar og kunnskap i kvardagen med barna. I skulen er skriveopplæring eit sentralt arbeidsområde for elevar og tilsette, og vi utviklar oss vidare etter det vi har lært av Skrivesenteret på NTNU.

Alle barn i skulen får no gratis skulefrukt to gongar i veka.

## Kyrkjene i Bygland

### Gudstenester

sundag 01.11. kl. 16.00 Bygland kyrkje, Bygland

sundag 15.11. kl. 16.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø

sundag 29.11. kl. 19.30 Bygland kyrkje, Bygland



### Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND  
<https://bygland.kyrkje.no/>

### Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711  
Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173

Det same pålegget gjeld for lag og foreningar som har ulike treffpunkt, det vere seg treningar, klubbkveldar eller andre former for treff/samlingar. Ein presiserer at det ikkje er tilstrekkeleg med ei oversikt over "likes" på sosiale medie, dvs om ein har definert ein "like" som ei påmelding.

Bakgrunnen for pålegget er: Om ein kjem i ein situasjon med smitteutbrot, er det svært viktig at smittesporing kjem raskt i gong. Då vil slike lister ha svært stor verdi, og smittesporinga vil bli gjennomført raskare.

I samband med dette, ønskjer vi og å presisere at desse listene må oppbevarast trygt av arrangør i 14 dagar etter arrangementsdato før dei kan makulerast.

### Kulturprisen 2020

Torsdag 30.10.20 mottok

**Britt Haugen** Bygland kommune sin kulturpris for 2020.

Ein vil vidare sitere framlegg til mottakar av kulturprisen:

"Mottakar at kulturprisen i 2020 har vore ei eldsjel innanfor musikklivet for store og små sidan ho kom til kommunen.

Ho er ei allsidig allround kvinne, og har vore og er ein stor kulturformidlar. Ho har bidrege med spel og song i kommunen i over 40 år. Ho er ein stor ressurs i Bygland, og fortener ei oppmuntring som takk for godt og verdifullt arbeid."

Prisen vart delt ut på diakonisamling på Vonheim bedehus, torsdag 29.10. av ordførar Sigbjørn Fossdal og kulturleiar Anne Fauske.

Kulturprisvinnaren mottok diplom, ei tine laga av lokal kunstnar med gravering, blomar og eit tilskot på kr. 5000.

**Vi gratulerer Britt Haugen med kulturprisen 2020!**



### Turveg på Byglandsfjord

Bygland kommune arbeider med konkretisering av turvegen frå opplagshuset til Bjoren og langs fjorden til sør for Hampefjell. Traseen er delvis opparbeidd i dag, men vi ønskjer å utbetre han slik at alle kan nytte turvegen.

Det er tenkt plassert ut benkar og moglegvis aktivitetsapparat langs traseen, etablering av ljospunkt og å legge til rette for heilårsbruk. Tiltaket kvalifiserer som nærmiljøanlegg og vi vil søkje om tippemidlar til det. Prosjektet blir sett i samanheng med prosjektet på Stasjonsområdet.



### Sti- og løypeplan

I planprogrammet for revidering av kommuneplanen er det skrive at det skal utarbeidast sti- og løypeplan for kommunen. Bygland kommune startar nå opp arbeidet med denne. Planen skal innehalde skiløyper, turveggar og sykkelruter. Det er ønskeleg å ha gode turmogelegheiter nært der folk bur.

For å få kartlagt eksisterande turstiar og løyper som kan vere aktuelt å opparbeide, vil vi gjerne ha innspel frå innbyggjarane. Vi ønskjer brei deltaking frå organisasjonar, næringsaktørar, grunneigarar og privatpersonar i frå heile kommunen.

Vi ønskjer mange innspel på korleis vi kan planlegge turløypenettet best mogleg i framtida. Deretter kan vi starte gode prosessar saman med grunneigarane og eventuelt gå vidare med arbeidet.

### Kva er ein sti- og løypeplan?


Planen vil ha status som temaplan og er dermed ikkje juridisk bindande av omsyn til arealdisponering eller økonomi. Innhaldet i planen dannar eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel og skal vere retningsgivande for kommunal saksbehandling innan arealplanlegging. Planen seier vidare noko om kommunen sin ønskte utvikling innan forvaltning og utvikling av ferdsselsårer.

Du kan nytte det digitale skjemaet på kommunen si heimeside eller du kan få skjemaet tilsendt eller utdelt på kommunehuset. Dersom du ønskjer å få det tilsendt, send e-post til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller ring 379 34 700. Fristen for å kome med innspel er **30. november 2020**.



## Helse

Kriseleiinga i Bygland kommune har jamnlege møte. Nedanfor finn du punkt frå møtet d. 30.10.20



- Smitten aukar i Noreg
- Kommuneoverlegen får mange henvendingar om ulike aktivitetar. Han oppmodar alle å følgje med på Folkehelseinstituttet sin nettside <http://www.fhi.no>. Bygland kommune har ikkje retningslinjer utover det
- Vi skal teste dei som har behov for det
- Alle arrangement skal ha navnelister med telefonnummer. Desse listene må oppbevarast i 14 dagar
- Kommuneoverlegen minner om dei 4 grunnprinsippa:
  - Hald avstand
  - Handvask
  - Reduser talet på nærkontakter
  - Er du sjuk, må du halde deg heime

### **Meld frå om du er i karantene!**

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen. Ha klart følgjande informasjon:

- Kvar har du vore? Når kom du tilbake til Noreg?
- Navn, alder, kjønn, telefonnummer
- Har du symptom?

E-post: [jorunn.tveiten@bygland.kommune.no](mailto:jorunn.tveiten@bygland.kommune.no)

Telefon (i tida 08.00 – 14.00): 911 10 075



### **Helsestasjon for ungdom på nett!**

Frå og med måndag 26.10. tilbyr vi helsestasjon for ungdom på nett!

Om du ikkje har moglegheit til å møte opp fysisk på helsestasjonen, kan du scanne QR-koden du finn lenger nede på sida, så koplur du deg opp til eit



virtuelt møterom der helsesjukepleiar sit og tar i mot samtalar via video og lyd.

De to talar saman utan forstyrrelser frå andre, og det er heilt trygt! Det virtuelle møterommet blir låst når de talar saman.

Dette tilbodet startar opp den 26.10.20 kl. 14.30 og held på til kl. 15.30. Margrethe gleder seg til å høyre frå alle dykk som er i aldersgruppa frå 13 år og oppover. Ho har teiepleikt, så det du fortel blir ikkje fortalt vidare til andre!

## Pleie og Omsorg

Pleie og omsorg har framleis besøksrestriksjonar ved institusjonane, men dette er ikkje til hinder for at pårørende og andre kan kome på besøk. Det er viktig at alle som ønskjer å kome på besøk set seg inn i og følgjer retningslinene som ligg på heimesida til kommunen.

Seniorsenteret på Byglandsfjord held framleis stengt pga Covid-19 situasjonen. Ut over dette er det tilnærma normal drift i eininga.

Smittesituasjonen legg av naturlege årsaker ein demper på noko av aktivitetane våre, men vi prøver så godt vi kan å ha eit godt smittetilpassa tilbod til våre bebuarar både på Byglandsheimen og ved Habiliteringstenesta.

Vi har til no heldigvis ikkje vore direkte råka av Covid-19, og i tillegg er det no ei årstid med sesonginfluensa og andre virussjukdommar - så fokuset på godt smittevern er sentralt for oss i kvardagen.



## Kultur

### **Viktig melding til lag, foreiningar og til dei som står for arrangement**

Alle som har planar om å lage til eit arrangement blir pålagt av kommuneoverlegen å ha oversikt over alle som deltek i arrangementet.

Denne oversikta skal innehalde dato, namn på kvar deltakar og vedkomande sitt telefonnummer.

